

Høyringsuttale - Kommunedelplan for grunnskulen i Lindås 2010 - 2020

Utdanningsforbundet Lindås har hatt framlegget til kommunedelplan for skule ute til diskusjon mellom medlemmene på dei ulike arbeidsplassane. Vi har fått tilbakemelding frå ulike arbeidsplassar; store og små, nedleggingstruga og ikkje.

Tilbakemeldingane frå medlemmene dreier seg om element som verkar inn på lærarane og elevane sin kvardag i skulen; arbeidstilhøve, faglege og pedagogiske utfordringar, fagleg og sosial læring. Det har òg komme innvendingar på nokre av opplysningane i skuleskildringane. Det er ikkje alle stader ein kjenner seg heilt att eller er samd i konsulenten sine vurderingar. Vi er med andre ord skeptiske til nokre av opplysningane.

Etter vår meining er fleire deler av høyringsdokumentet prega av subjektive ”synsningar” og påstandar utan argumentasjon.

Det følgjande er bygd på uttaler frå Utdanningsforbundet sine klubbar ved dei ulike arbeidsplassane og på handsaming av saka blant arbeidsplassstillitsvalde og i styret i Utdanningsforbundet Lindås.

Konsulenten har i siste del av rapporten komme med ein konklusjon og tilråding:

*”Konklusjon: Etter ei **fagleg og økonomisk avveging** (vår utheving), rår konsulenten til at framtidig skulestruktur i Lindås kommune følgjer alternativ B1a for barnesteget (nedlegging av skulane Skodvin, Myking, Eikanger og Festo), og ingen endring for ungdomssteget (alternativ U0).”*

Utdanningsforbundet Lindås vil presisere at konsulenten så vidt vi kan sjå, ikkje har nokon pedagogisk kompetanse. Konklusjonen kan soleis berre vere basert på fagkompetanse når det gjeld skuleanlegg og økonomi.

Likevel står det i oppsummeringa at *”På sikt vil kommunen tene på ein meir effektiv skulestruktur med færre små skular, både økonomisk men sannsynlegvis og pedagogisk/kvalitetsmessig.”* Dette er ein påstand som vi ikkje kan sjå er dokumentert i planutkastet.

Når det gjeld pedagogiske omsyn og innhald og kvalitet i skulen, syner planutkastet at her kan ein ikkje konkludere med at noko er betre eller dårlegare enn noko anna.

”Det er lite forskingsmateriale som kan gje signal om kva storleik på skulen har å seia for den enkelte elev/skulesamfunnet når ein ser bort frå kostnadene med små skular”

Det er altså andre element enn storleiken som er med og lagar ein god skule. Storleiken på skulen er ikkje avgjerande for om elevane lærer eller ikkje. Vi meiner derimot at god lærartettleik er viktig for at elevane skal få den hjelp og rettleiing dei har trong for.

Når det gjeld den faglege breidda i skulen, seier planen fleire stader: *”Det vil vere ein fagleg fordel for dei tilsette om det pedagogiske miljøet vert noko større.”* Utdanningsforbundet har ikkje noko imot eit stort fagleg miljø, men i barneskulen er det òg mange andre moment som er viktige. At vi har ulike skular og ulike måtar å jobbe på, betyr ikkje at det er dårlegare kvalitet på ein skule enn ein annan.

Fysiske tilhøve.

Fleire av skulane i Lindås er prega av manglande vedlikehald og dårlege romtilhøve. Dette gjeld både dei små og dei større skulane. Mykje må gjerast uansett korleis kommunedelplanen for 2010-2020 vil sjå ut. Men ved ev. nedlegging av skular og flytting av elevar til andre skular er det mykje meir som må gjerast ved ”mottaksskulane”. Dette vil vere eit omfattande arbeid som vil ta tid både å planleggje og gjennomføre. Det må vere eit absolutt krav at dette arbeidet er ferdig før ev. overføring (noko som òg høyringsutkastet peikar på). Det må òg vere eit krav at lærarar og elevar går til noko som er betre enn tidlegare ved ei ev. overføring.

I tillegg til gode og høvelege rom til ulike aktivitetar for elevane er det trong for arbeidsrom og møterom for lærarane. Vi viser til Arbeidstilsynet sitt skriv om kontorarbeidsplassar for lærarane (datert 11/1-05)

Her står det m.a. dette om kva det må takast omsyn til:

- kontorarbeidsplasser i fellesarealer må utformes og benyttes på en slik måte at muligheten til konsentrasjon ikke forstyrres av uvedkommende aktiviteter (gruppesamtaler, kopiering osv.).
- det må være rom for fortrolige samtaler.
- rom for samtaler/møter må ikke komme i konflikt med arbeidsplasser for selvstendig arbeid.

Utdanningsforbundet Lindås ventar å vera med i planleggingsarbeidet kring utbetring og utbygging som uansett må gjerast i skulane i Lindås. Tillitsvalde både på arbeidsplassnivå og på kommunenivå må inn i prosessen på eit tidleg tidspunkt.

Tidlegare røynsler frå utbyggingar i kommunen gjer at vi er svært opptekne med korleis det vert lagt til rette for arbeidsrom for lærarane, samtalerom, tilgang på skjerma rom for samtale, og grupperom/spesialrom for elevane.

Uteområda.

Eit godt uteområde er viktig. I tillegg til skuleplassen og høve til aktivitet der, er nærleiken til naturområde eit ekstra pluss for ulike typar læringsaktivitet. Dette er eit positivt element ved fleire av dei mindre skulane.

Ved ev. nedleggingar må det setjast av tilstrekkeleg areal til dette ved mottaksskulane.

Reisetid

Elevane si reise til og frå skulen kan ha store innverknadar på skuledagen. Vi tenkjer her særleg på dei minste elevane. Ein del av desse vil få lang reisetid, ikkje minst når ein tenkjer på korleis bussrutene er lagt opp.

Utdanningsforbundet Lindås kan ikkje sjå at utkastet til kommunedelplan peiker på klare og dokumenterte fordelar ved skulenedlegging.

Ro og stabile tilhøve rundt skulen i Lindås er eit viktig element for at skulen skal opplevast som ein god arbeidsplass for lærarane og ein god stad for læring for elevane. Stadige trugsmål om nedlegging er ikkje bra for miljøet.

Dersom politikarane skulle konkludere med nedlegging av skular er det nokre krav som det må takast omsyn til.

- Ressursane (- også lærarressursane) må bli verande i skulen. Dette må synleggjerast i budsjetta i åra framover.
- Stor auke i investeringar i skulebygg må ikkje gå ut over ressursar til innhaldet
- Tilhøva må liggje til rette på ny skule før ei ev. overføring.
- Tilhøva for tilsette og elevar må vere betre på den nye skulen enn den dei forlèt.
- Utbygging må vera framtidsretta og ta høgde for elevtalsauke (ikkje minimumsløysingar)
- Tilsette som vert råka av nedlegging, må tidleg takast med i dialog om korleis framtidig arbeidstilhøve blir. Vi reknar det som sjølvsagt at Hovudtillitsvalde kjem inn i denne prosessen på eit tidleg tidspunkt.

Med helsing

Utdanningsforbundet Lindås

Laila Rydland, leiar